

FAU, Manger Skule  
Manger Skule  
Mangersnesvegen  
5936 Manger

Manger, 20.10.2021

***Innspel til Detaljreguleringsplan for Manger barneskule, planID 12602019000300***

FAU ved Manger Skule set pris på at kommunen vil gjere noko ved tilhøva ved skulen vår, men me stiller oss uforståande til at kommunen har valt å arbeide vidare med den skisserte løysinga, trass innspel frå naboor, personale og bygdefolk på møtet 15.08.19. Der kom det fram at ei utviding av utearealet og ei utviding av bygningsmassen vert å sjå på som ei midlertidig løysing, og det kan ikkje vere godt nok for nokon av partane.

Me ser på den utarbeidde planen som lite framtidsretta og som lite tilfredsstillande for skuleelevar, personale og for Manger som bygd.

Me har nokre synspunkt me gjerne vil komme med, med tanke på uteareal, bygningar og trafikksituasjonen rundt skulen.

**Uteareal:**

Det er vårt inntrykk at elevane føler dei manglar leiketilbod, både i friminutta og i SFO, og det er ingen tvil om at det treng å gjerast noko.

Det ser ut til at krava om uteareal kan imøtekommast ved å gå for den nye reguleringsplanen, men slik me ser det, er det ein plan fylt med kompromissar. Utearealet på skulen er ikkje tilfredstillande idag, og me trur ikkje det vil verte godt nok i framtida heller, gitt dei begrensningane som er der. Me trur at eit uteareal der ein innlemmar området bak skulen vil verte vanskeleg å nytte. Det vert oppdelt i mange soner, og skulebygningane vil ligge midt i området. Det vil kreve store ressursar å halde oppsyn med alle områda og elevane i friminutta.

Slik det er idag, er uteområda langt under standarden til mange av dei andre skulane i kommunen, og me kan ikkje sjå at det vil verte veldig mykje betre, sjølv om det vert bygd ei ballbinge, slik det går fram av planen.

**Bygningsmassen:**


Skulebygningane ber sterkt preg av å vere bygd for ei anna tid enn den me er i no.

Dei sanitære forholda er langt frå gode nok, og FAU erfarar at det er elevar som ikkje vil gå på toalettet i skuletida. Elevar og tilsette klagar også på därleg inneklima. Desse forholda utgjer ein helserisiko for både personale og elevar.

Gymnastikksalen er for liten til å fungere som ein moderne gymnastikksal, og dessutan burde ein tidsriktig skule hatt plass til å samle elevar og foreldre til møte og framsyningar. Det er for lite plass til elevane. Dette har vorte avhjulpe med paviljongen som er sett opp midlertidig, men trass ei påbygging, er me redde for at det berre er eit spørsmål om tid før det manglar plass att. Det er for få rom, og planløysinga er umoderne og vanskeleg å forbetre, sjølv om skulen vert bygd om.

Ein moderne skule vil også vere billegare å drifta enn dei gamle bygningane me har idag.

Elevtalsprognosane tyder på eit elevtal på 219 elevar i 2033- ein auke på 70 elevar frå 2015. Det er vel ikkje realistisk at den auken vil halde fram i samme tempo, men kurven er jamnt stigande, så me meinat det må takast høgde for fleire elevar enn dette.



I tillegg er det planlagd 120 nye bueiningar i Selfaldet- / Langhøyaneområdet og 60 einingar er foreslått på Mangersneset, så me må forvente eit auka elevtal frå desse områda også.

### Trafikksikring:

Av- og påstiging er allereie ei utfordring. Det er for lite plass i området ved rundkøyringa sør for skulen mot Mangersnesvegen. Denne burde forøvrig vore utstyrt med fortau rundt. Å kalle området trafikkfarleg, er kanskje å dra det litt langt, men situasjonen er ikkje optimal. Elevane stig ut av bilane i bakken mellom innkøyringa til skulen og folkehøgskulen, fordi det ikkje er plass inne på parkeringsplassen og ved rundkøyringa. Dette skaper farlege situasjoner. Så sjølv om tilhøva er betre no enn før, er det for liten kapasitet i forhold til antal bilar som leverar elevar om morgonen. Dessutan er det også for lite parkeringsplassar tilknytt skulen, og mange tilsette parkerar i Manger Senter. Dette høyrer til ein annan diskusjon, men Manger Senter har allereie for få parkeringsplassar for kundane til verksemdene i senteret.

På nordsida av skulen, Kyrhovden, er det også ei utfordring med parkering og avstiging. Dette har Kyrhovden Vel skildra grundig i sitt innspel, så me går ikkje nærmare inn på dette. Me støttar deira innspel på dette punktet.

Ein auke i elevtalet og fleire bustader i dei tidlegare nevnte områdene, vil også føre til auka trafikk rundt skulen, men også på dei tilstøtande vegane, Toskavegen og Mangersnesvegen. Dette vil gjere situasjonen enno vanskelegare.

### Konklusjon

FAU meinar den einaste riktige løysinga er å skrinlegge planane om å utvide den eksisterande skulen, og gå i gang med å planleggje ein heilt ny skule, plassert på ein eigna tomt. Det er for mange begrensningar med den eksisterande plasseringa og eksisterande bygningar og uteområde.

Kun ved å byggje nytt kan ein oppnå tilfredsstillande tilhøve for elevane, ute, inne og på skulevegen, samt legge til rette for parkeringsplassar, av- og påstiging og ein trygg skuleveg. Alt anna vert kompromissløysingar utan tanke på den framtidige situasjonen for skulen.

Eit nybygg bør også innehalde ein fleirbrukshall for idrett og kultur. Manger er ei bygd med eit rikt kulturliv, men ingen gode arenaer for å vise det fram.

Det må gjerast tiltak for å forbetre dei sanitære tilhøva, samt andre naudsynte tiltak i dei eksisterande bygningane i planleggings- og byggjeperioden for å sikre at elevane våre har eit tilbod som er godt nok i denne perioden.

Me tykkjer ikkje det er rettvist at elevane på Manger skal gå på ein skule som ikkje strekkjer til, og forlangar at kommunen lagar ei løysing som legg til rette for eit godt skolemiljø. Me er klare over at dette i høg grad er eit økonomisk spørsmål, men å gjennomføre dei omtalte reguleringane kan i beste fall berre sjåast på som midlertidige, og vil på sikt vere ei bortkasta investering.

---

For FAU, Manger Skule